

Likte du at bygda vart blå?

13.09.2011



Else Pihle

På ei einaste natt vart Uskedalen blå. Høgre fekk 41,6 prosent under røystinga og det må kallast ein liten revolusjon. Eldre folk minnst at det har vore ein blå revolusjon før - då ordførar Jens Arnesen fekk makta godt supplert av ein heil flokk uskedelingar.

Men likar folket at bygda vart blå? Ein rask runde med 4 på SPAR ga dette resultatet:

ELSE PIHLE:

– Eg følger ikkje så nøye med i politikken, du bør heller snakke med mannen min. Men eg var i Aktivitetshuset og stemte. Løje er det i alle fall.

KJERSTI BØRVE:

– Jau, eg er svært godt fornøgd med utfallet av valet.

VIDAR HAUGLAND:

– Som svar held det med eitt ord og det er NEI. Men eg kan jo leggja til at når det først vart slik, burde Gunn Mari vorte ordførar.



Kjersti Børve

HALVARD DØSSLAND:

– Dersom eit val er basert på aksjonar, er eit val ikkje så kjekt. Men det som no er skjedd er jo uvant samanlikna med det som har vore og må kallast overraskande. Det har også vore eit personval. Uansett er politikk løje, ein veit ikkje kva som skjer før det har skjedd.



Vidar Haugland



Halvard Døsland